



Radøy kommune
Lindås kommune
Øygarden kommune

Vår dato: 3.2.2014

Vår ref.: 200701300-318 kn/tcm

Arkiv: 611

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Tanja Midtsian

22 95 94 93 , tcm@nve.no

BKK Nett AS. 300 (420) kV kraftledning Mongstad-Kollsnes. Høyring av søknad om konsesjon for veg i Kuvågen, massedeponi ved Mjåsundet og omlegging av eksisterande 22 kV-leidning Kollsnes-Blomøy

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke søknad frå BKK Nett om å etablere permanent veg langs jordkabeltraseen i Kuvågen i Radøy kommune og om permanent massedeponi ved Mjåsundet i Lindås kommune. BKK Nett søker òg om å leggje om eksisterande 22 kV-leidning Kollsnes-Blomøy for å gi plass til den nye 420 kV-leidningen. Samstundes søker dei om oreigningsløyve og førehandstiltreding for permanente og mellombelse anlegg i samband med bygginga av kraftleidningen.

BKK Nett søker om konsesjon i medhald av energilova og om oreigningsløyve og førehandstiltreding etter oreigningslova.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE sine internettsider www.nve.no/nett.

Skjema for fråsegner kan finnast på våre internettsider. Fråsegner kan òg sendast som e-post til nve@nve.no eller som brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO.

Fråsegner må sendast til NVE **innan 20. mars 2014**.

To eksemplar av søknaden er sendt til kommunane frå BKK Nett. Vi ber om at eitt eksemplar blir lagt ut i kommunen til offentleg ettersyn. NVE vil kunngjere høyringa og utlegging til offentleg ettersyn i aktuelle aviser.

Med helsing


Siv Sannem Inderberg
seksjonssjef


Tanja Midtsian
senioringeniør

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Kopi: BKK Nett AS